Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester

VESTLAND (Hordaland)

Leve hele livet

- en kvalitetsreform for eldre

# Utdeling av posterpris







Austrheim
KOMMUNE
Læringsnettverk demensforløp 2022-23
Mål: Innan 1. juni 2023 skal Austrheim kommune ha tilgjengeleg informasjon om demens, demens-sjukdom, tilbod og oppfølging til kommunens innbyggarar.
Prosjektgruppa består av lege, demenskoordinator, representant for pårørande, heimesjukepleie, arbeid og inkludering, og sjukeheim.
For at kommunen og hjelpeapparatet skal kunne hjelpe personar med mistanke om demens må ein komme i kontakt med dei. For å opprette kontakt må vi nå ut til kommunens innbyggjarar med informasjon om kvar dei kan ta kontakt ved mistanke, bekymring, eller spørsmål knytt til demenssjukdom.
Dette kan ein sjå som første steg i arbeidet der målet er å sette demensomsorga i kommunen i system, der alle får tilbod om personsentrert og systematisk oppfølging, med rett tiltak til rett tid.
Resultat:
Treff på søkeordet "DEMENS" på heimesida til Kommuen
30
20
10
0
Septem...
Novemb...
Desember
Januar
mars
april
mai
juni
juli
Arenaer der informasjonen om demens er tilgjengeleg
100 %
80 %
60 %
40 %
20 %
0 %
Nordlheimen
Nordlia
kommunal...
legekontoret
servistorget
kirkebakken
seniorsenter...
info tavle...
vestlia
Norhordalan...
nov.22
jun.23
Tiltakspakke demens: Sikre systematisk oppfølging av personen med demens og deira pårørande.
Samhandling i kommunen. HUKteam, fastlege, forvalt-ning, pleie og omsorg.
Informasjon: For å opprette den første kontakten. √
* Kunnskap om forbetringsarbeid og bruk av forbetringsmodell.
* Betre kjend og økt samarbeid på tvers av avdelingar. Økt innsikt i dei ulike avdelingane og deira arbeid.
* God erfaring med brukarperspektiv og arbeid i tverrfagleg gruppe.
opne landskap, ope sinn
VARDETANGEN: Noregs vestlegaste fastlandspunkt. Foto: Knut T. Horvei.


Læringsnettverk Demensforløp, frå mistanke til diagnose
BAKGRUNN
Korleis kan me sikre systematisk og same arbeidsmetode i Bjørnafjorden kommune, for at fastlegen med støtte frå demenskoordinator/demensomsorga kan samarbeida om å stilla ein diagnose?
MÅL
Korleis sikre systematisk og same arbeidsmetode for personar med demens i Bjørnafjorden kommune
METODE
Kartla dagens praksis hjå legane (des-22 –febr 23)
13 legar svara.
ALU møte aug-23: Presentasjon av læringsnettverk, samt ny måling
16 legar svara.
TILTAK
Tilrådd arbeidsmetode gitt ut til alle legane.
Overordna mål: Etablere avtale med legekontora om systematisk samarbeid.
RESULTAT
ja
nei





Eidfjord kommune skal sikre

# GOD INDIVIDUELL OPPFØLGING

til heimebuande personar med demens og deira pårørande

**MÅL**

Hukommelsesteamet i Eidfjord kommune skal gjennom fast kontaktperson tilby systematisk kartleggingsbesøk til alle som har fått ein demensdiagnose innan 2 veker etter tilvisning

Alle som vert tilvist hukommelseteamet skal få tilsendt infobrev/brosjyre innan 1 veke etter tilvisning.

Hukommelseteamet skal etter tilvisning ha møte og avklare kontaktperson innan 2 veker.

Kontaktpersonen skal ta kontakt og avtale tid for kartleggingsbesøk innan 2 veker etter tilvisning.



**Tiltak utarbeid**

- ✓ Utarbeidd retningslinjer for kontaktperson i HUK-team
- ✓ Utarbeidd mal for kartleggingssamtale og besøk
- ✓ Oppdatert brosjyre
- ✓ Oppdatert informasjon om HUK-teamet på kommunen si heimesida
- ✓ Laga infobrev til brukarar og pårørande

**Vegen vidare..**

- System for dokumentering i journal både før og etter kartleggingsbesøk - samarbeid med IT-avd
- Gjennomføre målingar ved tilvising til Hukommelseteamet
- Vidare samarbeid med legekontoret angåande tilvisningar til HUK-teamet
- Gjere hukommelsesteamet meir kjent i kommunen



**Målingar**

Ingen målingar pga manglande tilvisingar til teamet i måleperioden

Kva er viktig for deg?

Medlem av team: Randi Lægreid, Eva Meland, Solveig Liseth Vik, Elisabeth Hovland

Foto: Katrine Helle Ryber

---

Kvam herad

# Kven kan hjelpa naboen?
# Eg trur han gløymer..

**UTFORDRING:** Informasjon om tilbodet til menneske med demens er mangelfull i Kvam herad

**Spørjeundersøking gjennomført oktober 2022 blant innbyggjarar mellom 17 og 80 år viste:**

- Utdaterte nettsider (12 treff - 1 oppdatert)
- Innbyggjarane har forskjellige metodar for å søkja informasjon

**KVA MÅL HAR ME?**

- Det skal vera lett, tilgjengeleg informasjon om tilboda for menneske i tidleg fase av demensforløpet i Kvam herad.
- Informasjonen må vera tilpassa ulike behov og "søkjemetodar".
- Informasjonen må vera oppdatert og relevant.
- Kvam herad skal vera eit demensvenleg samfunn.

**TILTAK**

- Laga informasjonfaldar om tilbodet i Kvam herad.
- Laga oppdaterte nettsider med aktive søkjeord på ***www.kvam.no.***
- Ordførar har signert avtale med ***Nasjonalforeininga for folkehelse.***

**VEGEN VIDARE**

- Ansvaret for oppdatering av nettsider og faldar ligg hos demensteamet.
- Klare å formidla behovet for koordinatorstilling for tenestene til menneske med demens og deira pårørande, til politikarar og administrasjon før budsjettprioriteringar for 2024.
- Gjennomføra kurs for lokalt næringsliv for å verta eit demensvenleg samfunn.







"

**Demens er som å gå på nye stiar utan kart og kompass**
- kan me klara å laga gode kart?

*Framtida er her*

# Demensforløp sept. 2023

**Litt om Pleie og omsorg i Samnanger kommune:**
**Integrert tjeneste**
**25 sjukeheimsplasser**
**98 passientar i heimetenesta**

**Samnanger kommune: omlag 2500 innbyggere**

**Hvem er med i forløpet: Linn Katla Gjerde, Heidi Arnesen, Oddveig Haugen, Kjersti Liøen**

**Innsatsområdet:**
**At kommunen har et system som fanger opp personer med mistanke om demens og sørger for at de får en diagnose**

**Mål:**
**Bli ei meir synleg teneste, og koma tidleg inn i sjukdomsforløpet**











## Fokus i læringsnettverket:

- Korleis kan vi arbeide for at pasientar som treng det ynskjer å motta hjelp.

## Bakgrunn:

Antal heimebuande med demens har auka siste åra og er forventa til å auke endå meir.
Vaksdal kommune har mange innbyggarar med demens samanlikna med gjennomsnittet i Norge. Heimetenesta i Vaksdal opplever utfordringar hos enkelte pasientar ved at pasientane ikkje ynskjer helsehjelp sjølv om dei har behov for dette.

**Vaksdal i 2020**
Tal innbyggarar: 3.977

Befolkninga i Vaksdal er eldre enn gjennomsnittet i Noreg, og har derfor ein høgare del personar med demens.

- Del med demens i Vaksdal: 3.09%
- Gjennomsnittet i Noreg: 1,88%




Grafen syner tal oppdrag per veke der me får hjelpe pasienten (totalt 35) og tal veker før og etter oppstart av arbeidslag (6 veker).



# Rett hjelp til rett tid

## Mål:

Å auke tryggleik og bidra til at heimebuande med demens får rett hjelp til rett tid ved bruk av personsentrert omsorg.

## Metode:

1. Vedtak tilpassa hjelpebehov og funksjonsnivå
2. Oppretting av arbeidslag
3. Kompetanseheving
4. Måling ved hjelp av EPJ

## Resultat:

1. Vedtak og lister er tilpassa pleiarar og pasienten sitt behov
2. Arbeidslaget er oppretta
3. Fleire i heimesjukepleien er påmeldt demensomsorgens ABC og fokus på erfaringsdeling er auka
4. Samanfatning og journalføring blir oppdatert oftare og har større fokus

## Konklusjon:

Å nytte arbeidslag og auke kompetansen om demens i heimetenesta kan bidra til auka tillit, tryggleik og betre helsehjelp til heimebuande pasientar med demens. Ut frå målingar kan vi sjå at pasientar har mottatt meir helsehjelp etter oppstart av arbeidslag. Fleire tilsette i heimesjukepleien har fått kompetanseheving og er framleis i utvikling.

**Læringsnettverk Demensforløp Vaksdal kommune 2023**


Line Tveit, Thea Tufte, Aina Meland Ulveseth, Marlen Erstad Herfindal, Marion Gjermo Jakobsen, Solrun Hauglum, Silje Erstad Herfindal.

# Korleis få gode rutiner for tilbakemelding til Hukommelsesteamet frå fastlege etter diagnostisering?

## Bakgrunn

- Behov for betre rutinar på tilbakemelding frå legane etter at Hukommelsesteamet har sendt rapportar etter basal demensutredning. Viktig med betre rutinar for tilbakemelding frå fastlegane, slik at ein sikrar systematisk oppfølging av HUK-team etter diagnose.
- Hukommelsesteamet har behov for informasjon om demensdiagnose, for å gje rett tiltak til rett tid.

## Mål

- Personsentrert **demensomsorg.**
- Gode samarbeidsrutinar med fastlegane.
- Tidleg diagnostisering.
- Systematisk oppfølging etter demensdiagnose
- Hukommelsesteamet er synlege og lett tilgjengelege for brukar og pårørande.

## Metode

- Forankring i leiing.
- Tidslinje for utviklingsarbeid.
- Samarbeidsmøte med fastlegane.
- Nye prosedyrar for registrering av brukarar, diagnostisering, oppfølging, dialog med fastlege.
- Nasjonalfagleg retningslinje for demens.
- Veiviser Demens.
- Demensplan 2025.

Kunnskap gjev styrke

## Brukar i fokus

- Fastlegane har meir fokus på tidleg diagnostisering.
- Hukommelsesteamet har reviderte prosedyrer for systematisk oppfølging etter demensdiagnose.
- Pårørande får eigne tilbod som gjev kunnskap og støtte.
- Brukar kan få tilbod om eigne brukarkurs med kognitiv stimuleringstearpi og samtalegruppe.

## Resultat

- Ny samarbeids-avtale med fastlegane
- E-link adresse til Hukommelsesteamet.
- Revidert prioriterings-nøkkel for vurdering av tilmeldingar.
- Gjennomgang av prosedyrar og rutinar i Hukommelsesteamet.
- Informasjonsbrosjyre om Hukommelsesteamet
- Visittkort til Hukommelsesteamet.

**Voss herad Forbetringsteam** v/
Helga Øvstedal, Sigrid M.Moe, Elin Bratthole, Eva S. Johnsson, Aslaug Skjeldal.



ØY GARD EN



# Demensforløp - frå diagnosetidspunkt



## Frå storby til storhav

Øygarden kommune like vest for Bergen er den nest største kommunen i Vestland fylke.

- 39 600 innbyggjarar
- 2 800 tilsette
- Regionsenter og kommunesenter på Straume
- Kommunedelsenter i Skogsskiftet og på Rong
- Areal: 315 kvadratkilometer
- 1 500 øyar
- Vekstkommune med viktige næringar innan olje, gass, industri, handel, jordbruk, fiskeri og havbruk
- Regionale storprosjekt:
  - Sotrasambandet, investering 23 milliardar kroner
  - Ny godshamn for bergensregionen på Ågotnes
  - Anlegg for karbonfangst og lagring i Energiparken
- Helselandsbyen på Straume har eit omfattande tilbod innan helse og omsorg.
- Kommunen har godt utbygd oppvekst- og tenestetilbod og mangfaldig forenings- og kulturliv der det er lagt til rette for rekreasjon, kulturelle møtestader og sosiale nettverk.



## Mål for forbetringsarbeidet:

Implementering av Tiltakspakke demens.

- Fullføre 5 vedtak ved utgangen av året 2023 for oppfølging av brukar og pårørande, frå diagnosetidspunkt til behov for heildøgns teneste.
- Etablere plan for samarbeid mellom fastleger, demensteam og heimeteneste, om å sikre nødvendig informasjonsflyt om brukars hjelpebehov, innen 01.02.2024.
- Informasjon om tilbodet via fastlegane, nettsida til kommunen, brosjyre, innan 01.05.2024.

## Presentasjon for planane i det vidare forbetringsarbeidet:

- Informasjon til tilsette/primærkontaktar.
- Informasjon til fastlegane med mål om å kjenne til Tiltakspakke Demens og etablere (et godt) plan for samarbeid og etablering av retningslinjer, for å sikre henvisning av pasient og nødvendig informasjonsflyt undervegs.
- Lage ein plan for informasjon/involvering av aktuelle pasientar og pårørande om tilbodet Tiltakspakke Demens.

## Status for forbetringsarbeidet:

- Plan for å tilpasse Tiltakspakke Demens til Øygarden kommune
- Plan for informasjon til leiinga i heimetenesta for å sikre implementering
- Etablere systematiske rutinar/retningslinjer av Tiltakspakke Demens for heimeteneste, Koordineringssenteret og fastlegane. Utarbeide flytdiagram.



Deltakarar: Stein Inge Stigen, Stina Lind Monsen, Hanne Gjemdal Hjortland, Runhild Sivertsen Rokkan, Kristina Eikeland Bøe, Kari-Anne Glesnes og Hege Tveit



ØYGARDEN KOMMUNE

# Vi gratulerer Eidfjord med Posterprisen



# Løft frem gode historier. Feire resultater☺



## Ordfører i Hordaland imponert over legemiddelgjennomgang

Publisert 07.10.2013 09.40.

Fra venstre: spesialrådgiver USHT Hordaland Kari Sunnevåg, sykepleier Anette Fjelltoft, ordfører Siv Høgtun, sykehjemslege Lise Fredriksen og institusjonsleder Turid Vigrestad.



KVINNHERINGEN MÅNDAG 27. OKTOBER 2014

## Best i klassen på medisinar

– Vi har hatt eit veldig godt samarbeid med fastlegane i dette arbeidet.



## Færre fall og trykksår

– Det er ikkje god fallførebygging at folk sluttar å vera aktive, det gjer ting berre verre.

Ergoterapeut Ingebjørg Teigland

**Gjennom pasientsikkerheitsprogrammet «trygge hender» har Rosendalsona som mål å redusera talet fallulukker og trykksår med 50 prosent.**



## Samnanger går føre i pasientsikkerheit

Samnanger ligg først i løypa når det gjeld å sikra rett legemiddelbruk til eldre og pasientar som bur heime. Resten av Hordaland skal læra av oss.

Sentrale personar i Samnanger sitt pilotarbeid med pasientsikkerheit. Frå venstre Bodil Berg Kristensen frå Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Hordaland (USHT), Harald Ramm Salbu, Siv-Merete Lønnebakken, Åslaug Brænde frå USHT, Reidun Abotnes og Wenche Steinsland.



## Økt trivsel med færre medisiner



## Laget enkel sjekkliste for å redusere fallulykker

Se side 6 og 7

# Artikler fra Læringsnettverket Leve hele livet



Sykehjemmet på Råstølen feirer store fall-fremskritt

Grisekjøring med MCer på Fanafjellet

Brann i drivhus på Krokeide

Sykehjemmet på Råstølen feirer store fall-fremskritt

» Det har vært veldig lærerikt å jobbe tverrfaglig med dette



NYHENDE

NYHENDE

— Opp med beina, Kåre!

Vart best i vest

# Gir godt omdømme☺



Hordaland Folkeblad Tysdag 15. mai 2018 3

## Både opplærte og premierte

Kunnskap om pasienttryggleik og ein pris for beste plakat vart utbyttet for dei tilsette i pleie- og omsorgstenestene i Strandebarm som deltok i eit lærenettverk i pasienttryggleik på Voss.

BÅRD VALVATNE
valvatne@hf.no

Lærenettverk er ein del av pasienttryggleiksprogrammet *I trygge hender 24–7*. Elisabeth Svåsand er gruppeleiar i sone Strandebarm. Ho deltok i nettverket saman med sjukepleiar Sunniva Nese Melås og fagarbeidar Wenche Mundheim. Gudmund Øvsthus er tilsynslege for sone Strandebarm. Også han var med i nettverket. Dei var på tre samlingar på Voss saman med tilsette frå andre kommunar i Hardanger. Øvsthus kunne ikkje vera med på den siste samlinga. I staden deltok pleie- og omsorgsleiar Elfrid Oma.

### Skal få betre rutinar

Svåsand fortel at målet med nettverket er å gjera det tryggare å vera pasient i Strandebarm.

– Me gjer dette for å få betre rutinar, slik at me reduserer talet på pasientskadar. Me har valt å fo-

Vinnarar: Sjukepleiar Sunniva Nese Melås (t.v.), fagarbeidar Wenche Mundheim og gruppeleiar i Strandebarm, Elisabeth Svåsand, viser fram plakaten dei laga til lærenettverket i pasienttryggleik og kaka dei vann.
Foto: Privat



## God pasienttryggleik feira med kake

Modalstunet er gode på pasienttryggleik, og sist veke var representantar for Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Hordaland på sjukeheimen på Øvre Helland og feira dette med folka der.



4 Samningen Torsdag 28. juni 2018

## Heider for beste plakat

**Eit lag frå heimetenesta i Samnanger gjekk i vår til topps i ei kåring av beste plakat om pasienttryggleik. Sist veke vart dei feira med kake i storstova på Samnangerheimen.**

ANNE LIV HAUKANES
Tekst og foto

Kari Sunnevåg, som kom med kaka, er leiar for Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland. Det er dei som står bak læringsnettverket om leiing av pasienttryggleik som samningane har teke del i. Ho kom i følgje med fagsjukepleiar Hege Huseklepp frå Løvåsen sykehjem i Bergen.

### Ernæring og tannhelse

To tverrfaglege lag frå Samnanger har vore med på samlingane – eitt frå sjukeheimen og eitt frå heimetenesta.

– Sidan programmet var laga for sjukheim, måtte me vera kreative, fortel einingsleiar for heimetenesta i Samnanger, Reidun Abotnes, som hadde sjukepleiar Ingrid Haukanes Røen og hjelpepleiar Oddveig Haugen med seg på laget.

Til saman var ni lag med i læringsnettverket for Bergen, Askøy, Fjell, Fusa, Øygarden og Samnanger. Dei har arbeidd systematisk med korleis dei kan redusera skader og betra tryggleiken for pasientane. Alle teama laga ein plakat der dei skulle visa fram det dei har arbeidd med. Til slutt stemte dei på plakaten dei meinte var best, og heimetenesta i Samnanger gjekk heilt til topps. Plakatane skal hengjast opp på synlege stader rundt om på arbeidsplassane.

### Dela erfaringar

Heimetenesta i Samnanger hadde lagt særleg vekt på tannhelse og ernæring, medan laget frå sjukeheimen hadde vald å ta for seg ernæring, trykksår og fall.

Både ordføraren, sektorleiar Grete Lill Hjartnes og fleire tilsette i pleie og omsorg tok del i markeringa. Siv Merete Lønnebakken Holdhus og Heidi Arnesen frå sjukeheimslaget tykte det hadde vore svært lærerikt å møta og dela erfaringar med tilsette frå andre kommunar. Heidi har også vore hospitant ved Løvåsen sykehjem i to dagar.

### Gratis tannlege

Tannpleie var eitt av fleire tema som vart lufta kring kakebordet. Eldre som får hjelp frå kommunen – enten dei bur på sjukeheim eller heime – har rett på gratis offentleg tannbehandling. Pleie og omsorg har no eit godt samarbeid med tannpleiar gjennom den offentlege tannklinikken på Tysse, men denne skal leggjast ned. Lengre reiseveg til tannlege er problematisk både for pasientane og dei tilsette. Kari Sunnevåg meinte kommunen bør få inn ambulerande tannpleiar til Samnanger.

– Dette må vera ei naudløysing dersom Samnanger ikkje kjem med i pilotprosjektet med kommunal tannlege, kommenterte ordførar Knut Harald Frøland.

### Bruker tavler

Gjestane fekk omvising på sjukeheimen. Me fekk også sjå tavlene som både sjukeheimen og heimetenesta har teke i bruk medan dei var med i læringsnettverket. Desse skal hjelpa dei tilsette med å få oversikt over pasientane, og kva dei skal vera spesielt merksame på.

Hovudtillitsvald Siv Merete Lønnebakken Holdhus fortalde at mangel på sjukepleiarar og knapp bemanning generelt er ei utfordring for pleie og omsorg i Samnanger.

PASIENT-TRYGGLEIKS-KAKE til heimetenesta i Samnanger. Frå høgre einingsleiar Reidun Abotnes, sjukepleiar Ingrid Haukanes Røen og hjelpepleiar Oddveig Haugen. T.v. sektorleiar Grete Lill Hjartnes, bak ordførar Knut Harald Frøland.

GJESTEN: Kari Sunnevåg frå Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland har ordet. Bak til venstre vinnarplakaten frå Samnanger.

# Feire resultater☺

